

Karmøy kommune  
Rådhuset, Postboks 167  
4291 KOPERVIK

**Vår dato:** 04.09.2023

**Vår ref.:** 202210897-6 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

**Sakshandsamar:**

Laila P. Høivik, [lph@nve.no](mailto:lph@nve.no)

## Høyring av melding om landstraum til Balder- og Granefelta og invitasjon til møte

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sender på høyring ei melding frå Vår Energi ASA om elektrifisering av petroleumsfelta Balder og Grane i sørlege Nordsjø. Anlegga for landstraum vil kunne påverke kommunane Tysvær, Karmøy, Bokn og Utsira i Rogaland.

**NVE inviterer til informasjonsmøte om meldinga i løpet av september. Vi ber om innspel til meldinga innan 20. oktober 2023.**

### Melding med forslag til utgreiingsprogram

Målet med meldinga er å gje ei tidleg varsling av planane og føreslå utgreiingar som bør gjerast. Etter høyringa vil NVE fastsette eit utgreiingsprogram, som skal dekke nødvendige utgreiingar av konsekvensane for heile kraftforbindelsen frå land og ut til petroleumsfelta.

Vår Energi melder tre moglege alternativ for å føre landstraum ut til petroleumsfelta:

- Alt 1. frå transformatorstasjon på Gismarvik, via jordkabel til Breivika, og sjøkabel ut til petroleumsfelta. Anlegga på land vil liggje i Tysvær kommune, og anlegga i sjø vil liggje i Tysvær, Karmøy, Bokn og Utsira kommunar.
- Alt 2. frå Håvik på Karmøy via jordkabel til transformatorstasjon ved Kallstø eller Sjovika, og sjøkabel ut til petroleumsfelta. Anlegga på land vil liggje i Karmøy kommune, og anlegga i sjø vil liggje i Karmøy og Utsira kommunar.
- Alt. 3. frå Håvik på Karmøy via jordkabel til vestsida av Karmøy, sjøkabel ut til Utsira, transformatorstasjon på Utsira, og jord- og sjøkabel ut til petroleumsfelta. Anlegga både på land og i sjø vil liggje i Karmøy og Utsira kommunar.

Alternativ 2 og 3 vil eventuelt verte samkørde med Statnett på eit seinare tidspunkt. Heile meldinga med kart og forslag til utgreiingsprogram er tilgjengeleg på NVE sine nettsider [www.nve.no/8846/A](http://www.nve.no/8846/A).



## NVE inviterer til møte

Som avtalt på e-post vil NVE halde digitale orienteringsmøte for lokale og regionale styresmakter:

- Karmøy kommune, fredag 22. september kl. 9
- Bokn kommune, fredag 29. september kl. 10
- Utsira kommune, tysdag 12. september kl. 11

NVE vil sende ut invitasjon og lenke til møtet på e-post. Vi ber Tysvær kommune ta kontakt med NVEs sakshandsamar på e-post [lph@nve.no](mailto:lph@nve.no) for å avtale tidspunkt for møte.

Vi håper på brei deltaking både frå politisk leiing og administrasjonen i kommunen, inkludert representantar for det faste utvalet for plansaker. Representantar frå Statsforvaltaren, fylkeskommunen og Stavanger maritime museum er med dette invitert til valfritt møte. Ta kontakt med NVEs sakshandsamar for lenke.

På møta vil NVE orientere om handsaminga av meldinga og forslag til utgreiingsprogram, og Vår Energi vil orientere om planane.

## NVE ber om innspel innan 20. oktober

Ved å høyre meldinga ønskjer NVE å få innspel til utgreiingar som bør gjennomførast før Vår Energi utarbeider ei meir detaljert søknad om konsesjon. Søknaden vil òg verte sendt på høyring, og vi vil då be om innspel til dei konkrete planane.

Vi tilrår at dykk sender inn fråsegn via skjema på [sakens nettside](#). Det er òg mogleg å sende fråsegn via e-post til [uttalelse@nve.no](mailto:uttalelse@nve.no). Merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202210897 i emnefeltet, og oppgi namn og/eller organisasjonsnummer.

Fristen for å sende fråsegn til NVE om meldinga er **20. oktober 2023**.

## Informasjon til kommunane

To fysiske eksemplar av meldinga vert ettersendt til kommunane. Vi ber om at eitt eksemplar blir lagt ut i kvar kommune til offentleg ettersyn. NVE vil kunngjere høyringa og utlegginga i aktuelle aviser og på våre nettsider.

Vi ber kommunane om å leggje meldinga ut på sine nettsider og eventuelle sosiale medium, og å orientere aktuelle lokale velforeiningar, idrettslag, interesseorganisasjonar m. fl. om meldinga.



Med helsing

Ingrid Myrtveit  
seksjonssjef

Laila P. Høivik  
senioringeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar*

**Mottakarliste:**

ROGALAND FYLKESKOMMUNE  
STATSFORVALTAREN I ROGALAND  
Bokn kommune  
TYSVÆR KOMMUNE  
Karmøy kommune  
UTSIRA KOMMUNE  
Stavanger maritime museum

**Kopimottakarliste:**

Bokn kommune - Geir Øvernes  
Karmøy kommune - Øystein Daviknes Hagerup  
UTSIRA KOMMUNE - May Britt Jensen